



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mai 2014.

Distrikt 2305  
Klubbnr. 12713

Årgang 49



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Karin S Holstad
Visepres:	Øystein Alme
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Jarle Kristiansen
Styremedlem:	Bernhard Harkjerr
Styremedlem:	Eileen H. Brandal
Ansv.red.:	Oddvar Haugen
Referent:	Vigdis Riise

## Fødselsdager i mai:

Hallkjell Dahle	6. mai
Hanne Rognan	19. mai
Johan Ole Brandal	23. mai
Hans Otto Riise	27. mai
Sverre Jarl Ullstein	30. mai

## 17. MAI ER JEG SÅ GLAD I

Sytende mai er jeg så glad i,  
moro jeg har fra morgen til kveld!  
Da er det så du, om vi er små du,  
er vi med likevel.  
Jeg roper hurra dagen så lang,  
synger for Norge mangen en sang.  
Og jeg, jeg kan du elske mitt land du,  
det skal du se en gang.

## **Rotarymøte 5. mai**

Opning av møtet ved president Karin og song som vanleg sjølv om vi denne kvelden var svært få medlemmer som møtte (12-13?).

Bernhard Harkjerr som f.t er leiar i Trimgruppa i Hareid IL heldt ein informativ og kjekk informasjon om arbeidet som denne gruppa gjer.

Trimgruppa kom i gang i 1978 og Reidulf Frøysa var første leiaren. Gruppa er svært aktiv og har starte opp med : Fjelltrimmen eller Fjellorienteringa som no er inne i sitt 25. år. I år er det selt over 400 kart som vert nytta av trimmarar i alle aldrar som finn merka løyper og ”postar” rundt på Hareidlandet og Dimnøya.

Vidare arrangere dei gudsteneste på Alskleiva, Den store styrkeprøva, Idrettsmerketaking m.m.

## **Rotarymøte 12 . mai**

Opning som vanleg ved presidenten og song

Programmet på dette møtet var ved Idar Moldskred og Bertil Kristiansen som presenterte bedrifa CONPLAN som held til i Ulsteinvik. Dei driv med prosjektering og byggeleiing ved oppføring av nye næringsbygg, leilighetsbygg og hotell m.m. på Sunnmøre. Vi kan nemne Teigane Terrasse, Nye hotellet i Fosnavåg, Sjøsida i Ulsteinvik inkl Ulstein Hotell og Nyekai ved Ulmatec på Hareid.

Vi fekk sjå døme på kontruksjonsteikningar og arbeidsteikningar som verka ganske komplekse for ”ikkje fagfolk”, men som tydelegvis er kvalitetsvare for dei som skal bygge.

Conplan har hatt ei imponerande utvikling siste 3 åra, og har vore med på planlegging og konstruksjon av bygg med ein entrepriseverdi på tils. 2.237,5 mill NOK !!

## **Rotarymøte 19. mai på Sunnmøre Folkehøgskule.**

Til dette møtet hadde Hareid Rotary invitert seg sjølve til SUF og ønskte seg ei orientering om skulen og elles drifta gjennom året.

Rektor Art Ole Grimstad tok imot oss og fortalte at skulen starta i 1908 og er no 106 år.

Føremålet skulle vere ”...å gjera unge menn og kvinner dugande for livet”. Dagens målsetjing er: ” Sunnmøre Folkehøgskule ønskjer å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp, og vi vil utfordre til aktiv teneste i kyrkje og samfunn, nasjonalt og internasjonalt”.

Skulen er eigd av Norges KFUK-KFUM og på skulen er dei 24 tilsette i 50% stilling eller meir fordelt på drift av skulen, undervisning og administrasjon. Dei ca. 95 elevane kan velje mellom 10 valfag med fokus på internasjonalt arbeid og forståing, div. idrett og friluftsliv, musikk m.m. Det vert lagt vekt på å nytte lokale ”boltreplassar” både i og ved sjøen og til fjells. Dei har studiereiser til Sør-Afrika, Cuba, Tanzania og Latvia.

Etter skuleslutt i mai driv dei vandrarheim og sommarhotell i 3 mnd. Elles leiger dei ut lokale til kurs/konferansar og selskap i tillegg til cateringverksemد.

Presidenten takka for at vi fekk kome til skulen og overrekte blomar til rektor som takk for eit informativt foredrag.

**Rotarymøte 26.mai 2014.**

Sidan dette var siste møte i månaden vart det servert vafler til kaffien og møtet opna med songen " Vesle lerka" leia av Hans Gisle.

President Karin kom også med helsing frå vårt yngste medlem Hanne, som fødde ein gut 21. mai! Vi gratulerer!!

Dagens program var elles opptak av 2 nye medlemmer;  
Jan Per Bigset med 2 fadderar! : Einar Holm og Egil Utgård  
Harald Elias Teigene med fadder Karin Svendsen Holstad.

Jarle Kristiansen var seremonimeister og det var som vanleg litt høgtid når nåla vart festa på dei nye medlemmene som vart ønskt velkome til Hareid Rotary.

